



J Tufteland AS
Postboks 131
5401 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4189 - 17/18563

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.06.2017

Avslag på søknad om ferdigattest for einebustad - gbnr 202/156 Hjelmås

Administrativt vedtak. Saknr: 284/17

Tiltakshavar: J Tufteland AS
Ansvarleg søkjar: Justyna Hajduk og Krystian Niemiec
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, Velg et element.

Vi viser til søknad om ferdigattest motteke 22.05.17, vårt førebelse svar datert 22.05.17 og dykkar brev datert 29.05.17.

I vårt brev datert 22.05.17 vart det bedt om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre ferdigattest/bruksløyve for felles tilkomstveg inn i omrdet forbi P250 (ref. sak 14/1712).
2. Det ligg ikkje føre godkjent ferdigmelding med omsyn til påkobling til offentleg vatn- og avlaupsnett (ta kontakt med teknisk drift for rettleiing) jf. vilkår i godkjent rørleggjarmelding datert 12.04.16.
3. Koordinatar som dokumenterer faktisk plassering av tiltak.
4. Vi ber om avklaring på ansvarstilhøve i saka. Søknad om ferdigattest er innsendt per e-post 22.05.17 frå Terje Klippen på vegne av tiltakshavar, det er ukjent for kommunen kva rolle Terje Klippen har i saka, og kva fullmakter han har.

I dykkar svar datert 29.05.17 var det opplyst følgjande:

- Pkt. 1 og 2 får jeg tilbakemelding fra grunneier/ entreprenør er ok, se vedlagt e- post.
- Pkt. 3, viser til vedlagte filer. Får tilbakemelding at dette skal være sendt inn tidligere, beklager at dem ikke lå ved min e- post fra 22.05.2017.
- Pkt. 4, jeg har som rolle å bistå huseier. Dette er avklart med ansvarlig søker, J. Tufteland.

Vurdering

Det er per. 22.06.17 ikkje gjeve bruksløyve/ferdigattest for tilkomst veg forbi P250 i sak 14/1712.



Når det gjeld påkobling til offentleg vatn- og avløpsnett så er det i godkjent røyrleggjarmelding, vedlagt, stilt vilkår til at det før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest skal liggje føre godkjent ferdigmelding. Dette er ei privatrettsleg avtale mellom tiltakshavar og kommunen som grunneigar. Ansvarleg røyrleggar må sende inn ferdigmelding som dokumenterer at vilkår gjeve i røyrleggjarmelding er oppfylt. Dette vedkjem ikkje VA-rammeplan for feltet.

Då vilkår gjeve i løyve datert 12.04.16 ikkje er dokumentert stetta, ligg ikkje tilhøva til rette for å utstede korkje mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bustad på eigedom gbnr. 202/156 godkjent i administrative vedtak 159/16 datert 12.04.16

Vi finn det betenkeleg å gje bruksløyve/ferdigattest for ein bustad når ikkje ligg føre bruksløyve/ferdigattest på veg fram til eigedomen. Mellombels bruksløyve/ferdigattest kan ikkje verte utstedt før vilkår i løyve datert 12.04.16 er oppfylt. Det kan ikkje søkast om dispensasjon frå vilkåra.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3.ledd vert det ikkje gjeve ferdigattest for einebustad på eigedom gbnr. 202/156. Søknaden vert avslått.

Vilkår gjeve i løyve datert 12.04.16 er ikkje dokumentert stetta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4189

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent røyrleggjarmelding - gbnr 202/156 Hjelmås - Bustad

Kopi til:

J Tufteland AS	Postboks 131	5401	STORD
Justyna Hajduk og Krystian Niemiec	Viddalen 20	5122	MORVIK
Krystian Marian Niemiec	Helleåsen 18 A	5915	HJELMÅS
Terje Klippen			

Mottakarar:

J Tufteland AS	Postboks 131	5401	STORD
----------------	--------------	------	-------